

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.03.2025

Vår ref.: 202502034-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Offentleg høyring - Detaljplan for miljø og landskap og søknad om anleggskonsesjon - Øksnelvane kraftverk - Bremanger kommune, Vestland

NVE mottok den 11.01.2025 detaljplan for miljø og landskap for bygging av Nye Øksnelvane kraftverk i Bremanger kommune. NVE mottok 03.03.2025 oppdatert søknad om anleggskonsesjon for dei elektriske anlegga i kraftverket og for å knyte kraftverket til nettet. Detaljplanen og søknaden om anleggskonsesjon vert no sendt på offentlig høyring, med høyringsfrist 23.04.2025.

Kva inneheld detaljplanen som vert sendt på høyring?

Nye Øksnelvane kraftverk er planlagt bygd i Ålfoten, parallelt med det gamle Øksnelvane kraftverk. Det nye kraftverket vil ha inntak i det same magasinet som det gamle kraftverket (Øksendalsvatn), og med vannveg og kraftstasjon i fjell. Det vert mykje overskotsmassar frå boring av vannveg og stasjonshall. Firdakraft AS har i detaljplanen beskrive korleis dei planlegg å handtere massane, i tillegg til anna midlertidig og permanent arealbruk for bygginga av kraftverket. Vi vil presisere at dei planlagde sjødeponia vert behandla av Statsforvaltaren etter ureiningslova.

Bygginga av kraftverket er planlagt med oppstart våren 2025 og ferdigstilling hausten 2028.

Saka vert sendt på offentlig ettersyn fordi detaljplanen inneheld arealinngrep som ikkje vart vurdert i konsesjonsprosessen.

Kva inneheld søknaden om anleggskonsesjon?

SFE Produksjon AS søker om å knyte kraftverket til nettet med ein 132 kV jordkabel som skal leggst i eksisterande nedgravne trekkerøyr frå Lunden transformatorstasjon, langs privat veg til portalområdet til kraftverket. Vidare skal 132 kV kabelen leggst i kulvert i fjellet, saman med ein 22 kV kabel fram til kraftstasjonen. 132 kV kabelen er totalt 800 meter. SFE produksjon søker òg om elektriske anlegg som skal plasserast inne i kraftstasjonen. Anlegget skal eigast av Firdakraft AS og driftast av SFE Produksjon AS.

Vi ber om tilbakemelding frå høyringspartar som har innspel til planane.



Detaljplanen og søknaden om anleggskonsesjon finn du her:

Detaljplanen med vedlegg og søknad om anleggskonsesjon er tilgjengeleg på NVE si nettside www.nve.no/9060/V, under «Bygging og drift».

Generell informasjon om miljøtilsynet, og vår oppfølging av vassdragsanlegg finn de på www.nve.no/energi/tilsyn/.

Kva vi ønskjer tilbakemelding på

Vassdragskonsesjonen ligg til grunn for denne høyringa, og konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for høyring.

Vi ber om uttale på arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen. Lokale forhold og ny kunnskap om naturmiljøet er relevant. Uttale frå sektormyndigheitar og interesseorganisasjonar bør vere innafør deira ansvarsområde.

Uttalar er offentlege dokument. Som ein del av vår handsaming vert uttalar eller delar av uttalar referert til i utgåande brev. Dersom uttalen er lang, er det fint om det vert utarbeidd eit samandrag til dette føremålet. Vi ønskjer også å få uttalane elektronisk. Sentrale saksdokument vert publisert på våre nettsider.

Gi beskjed dersom viktige partar ikkje er på lista over mottakarar av dette brevet.

Korleis gje uttale til detaljplanen og søknaden om anleggskonsesjon

Alle som har meiningar om sakane kan sende uttale på ein av følgjande måtar:

- Via e-post til nve@nve.no
- Via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo

Uttalen må merkast med «**Uttale**» og saksnummer: **202502034**. Oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ein interesseorganisasjon eller verksemd.

Frist for å sende uttale er 23.04.2025.

Konsesjonæren sitt ansvar

Vi ber Firdakraft AS om å varsle grunneigarar og andre med rettar i området som vert råka av tiltaket om høyringa og høyringsfristen.

Firdakraft AS har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som vert råka, og har rettar i området.

Konsesjonæren må også innhente nødvendige løyver etter anna lovverk før arbeida kan starte.



Forholdet til plan- og bygningslova

Med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 er vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgevinga unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal likevel vere avklart i høve til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova og energilova. Dette følgjer av lovkommentar til plandelen i plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Karianne Rognhaugen
overingeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

STATNETT SF
BREMANGER KOMMUNE
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest
TELENOR NORGE AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
Mattilsynet
Keipen Turlag - Jannike Brenden Frøyen
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Fiskeridirektoratet
Norsk Friluftsliv
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
FJORDANE FRILUFTSRÅD
LINJA AS

Kopimottakarliste:

FIRDAKRAFT AS
SFE PRODUKSJON AS